

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sigvald Kvinge	FA - X20	15/14

Saknr	Utval	Type	Dato
065/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015

Orientering om arbeidet med overordna ROS for Masfjorden kommune

Vedlegg:

08.05.15 Utkast til ROS-analyse Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Plan for revisjon av overordna ROS-analyse for Masfjorden kommune, slik den føreligg vert teken til vitring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alle kommunar er pålagt å ha ein overordna ROS-analyse for sin kommune som vurderar det totale risikobiletet. Frå før har Masfjorden kommune ein slik analyse, men denne har ikkje vore vedteken politisk tidlegare.

Vurdering

Arbeidet med utarbeiding av overordna ROS-analyse pågår. Utkast til analyse vart laga i forkant av tilsynet frå fylkesmannen i mars i år.

Det har no vore ei arbeidsgruppe samt ei ressursgruppe som har delteke i kartlegginga og risikovurderinga av relevante risiki. Det er vidare planlagt eit møte med fylkesmannen si beredskapsavdeling, samt at saka skal opp til behandling i beredskapsrådet. Når dette ROS-dokumentet er ferdig vil saka verta lagt fram for kommunestyret for endeleg handsaming.

Konklusjon

Plan for revisjon av overordna ROS-analyse for Masfjorden kommune, slik den føreligg vert teken til vitring.

Formannskapet - 065/2015

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Det vart orinert om tilbakemelding frå fylkesmannen etter tilsyn:

- Avvik:**
1. Masfjorden kommune manglar oppdatert heilskapleg ROS-analyse
 2. Masfjorden kommune sin beredskapsplan er mangelfull og utdatert

Merknad: Fylkesmannen har ingen merknader.

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Plan for revisjon av overordna ROS-analyse for Masfjorden kommune slik den føreligg vert teken til vitring med følgjande innspel:

-Konkretisera måla betre

-Lage eit tekstsamandrag under punkt 2

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen med innspel frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Plan for revisjon av overordna ROS-analyse for Masfjorden kommune, slik den føreligg vert teken til vitring med følgjande innspel:

-Konkretisera måla betre

-Lage eit tekstsamandrag under punkt 2